



Den Norske Kyrkja
Bjerkreim
Postboks 38
4389 Vikeså

Dato 03.10.2006
Arkiv 161/06-perm
Saksbeh

dotk 124

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030, Dep.
0030 OSLO
Kyrkjeavd.

Kultur- og kyrkjedep.	
Saksnr. <i>200606109</i>	Dato <i>11.10.06</i>
Kode <i>Ki-501</i>	Beh.....

NOU 2006:2 Staten og den norske kyrkja - høyring.

Bjerkreim sokneråd handsama høyringa på møtet 26.09.2006 under sak 70/06.

Soknerådet kryssa av på spørsmåla til høyringsinstansane. Dette fylgjer vedlagt.

Bjerkreim sokneråd ser det som viktig at dei tilsette i den lokale kyrkja får ein arbeidsgjevar, og vil koma med fylgjande uttale:

Arbeidsgjevaransvaret:

Gjønnesutvalet seier lite om arbeidsgjevaransvaret. Vi registrerar at Kyrkjemøtet ynskjer at det skal vera eit felles arbeidsgjevaransvar i framtida. Korkje utvalet eller KM har avklart korleis dette skal skje og kva nivå arbeidsgjevaransvaret skal plasserast.

Bjerkreim sokneråd meiner dette må avklarast snarast mogleg. I vårt sokn er det mange små stillingar (3,4%, 6,4% osv). Det er ein viktig føresetnad for små sokn og utkantar, at det er kort avstand mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar. Små sokn og små stillingar treng nærleik til arbeidsgjevar. Nøkkelord er tilgjenge, lokalkunnskap og nærleik. Det bør vera samanheng mellom tilsetting og arbeidsgjevar.

Heile uttalen står eit samrøysta sokneråd bak.

Med helsing

Arnfrid Espeland
Arnfrid Espeland

Vedlegg: Spørjeskjema

Kopi: Kyrkjerådet.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Bjerkreim sokneråd

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Bjerkreim sokneråd meiner at trusspørsmål skal avgjerast av kyrkja sjølv. Kyrkja bør vera "herre i eige hus" og avgjera alle saker som har med lære og verksemd å gjera, inkl. utnemning av biskopar. Rådet meiner kyrkja skal vera eige rettssubjekt med eigne styringsorgan. Dette har med religionsfridomen å gjera og må vera eit overordna prinsipp for alle trudomssamfunn. Samstundes ser soknerådet det som ein føresetnad at kyrkja er ei open og inkluderande folkekyrkje. Kyrkja må vera landsdekkande og kyrkja sine tenester tilgjengelege for alle medlemmane.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Kommentarer:

Kyrkjelova bør vera heimla i Grunnlova.

Open, inkluderande, tilgjengeleg, landsdekkande folkekyrkje.

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Kommentarar:

Bjerkreim sokneråd ynskjer ikkje medlemsavgift. Rådet er opptekne av ei open og inkluderande folkekyrkje som femner vidt og når alle, og ser fare for utmeldingar dersom det skal kosta noko å vera medlem av kyrkja. Frivillig gjevarteneste og offer til arbeidet i kyrkjelyden kan vera i staden for medlemsavgift.

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Kommentarar:

Bjerkreim sokneråd sluttar seg til fleirtalstilrådinga i Gjønnestutvalet med ein ny verdiparagraf i Grunnlova som inneheld ei særskilt tilvising til kristne og humanistiske verdier. Rådet ser det som svært viktig at staten sitt ansvar for å føra ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikk vert grunnlovsfesta. Det vil gje eit konstitusjonelt vern for alle trus- og livssynssamfunn og markerar at dette er viktig for landet vårt. Det er viktig å markera at desse verdiane framleis er verdigrunnlaget i samfunnet.

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Kommentarar:

Kommentarar:

Bjerkreim sokneråd grunnjev svaret med at dei fleste kyrkjegardane ligg i tilknytting til eit kyrkjebygg. Eigedomane (både kyrkjer og kyrkjegardar) er overdrengne frå kommune til sokn. I tillegg har sokneråd og dei som arbeidar på kyrkjegardane klart å skapa gode ordningar og god forvaltning innan kyrkjegardsfeltet. Kyrkja har god kompetanse på området. I 10 år har kyrkja ivareteke andre trus- og livssynsamfunn på ein god måte. Ein føresetnad må vera at deira interesser vert ivaretekne også i framtida – m.a. ved å tilby gravstad i jord som ikkje er vigsla.

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Kommentarar:

Bjerkreim sokneråd meiner det bør etablerast spesielle finansieringsordningar for freda og verneverdige kyrkjebygg.

Soknerådet vil i tillegg gje fylgjande uttale når det gjeld **arbeidsgjevaransvaret**:

Gjønnesutvalet seier lite om arbeidsgjevaransvaret. Vi registrerar at Kyrkjemøtet ynskjer at det skal vera eit felles arbeidsgjevaransvar i framtida. Korkje utvalet eller KM har avklart korleis dette skal skje og kva nivå arbeidsgjevaransvaret skal plasserast.

Bjerkreim sokneråd meiner dette må avklarast snarast mogleg. I vårt sokn er det mange små stillingar (3,4%, 6,4% osv). Det er ein viktig føresetnad for små sokn og utkantar, at det er kort avstand mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar. Små sokn og små stillingar treng nærleik til arbeidsgjevar. Nøkkelord er tilgjenge, lokalkunnskap og nærleik. Det bør vera samanheng mellom tilsetjing og arbeidsgjevar.

Heile uttalen står eit samrøysta sokneråd bak.